

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2021 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012		
1.		Innleiing med hovudmål Saman vil vil vi ære Den treeinige Gud -ved å feire Guds nærver i ord og sakrament, med bøn og lovsong -ved å fremje salmesong, liturgi og kyrkjemusikk i kyrkjelyden vår -ved at kyrkjemusikken inviterer til refleksjon kring kristen tru, både ved å styrke og å utfordre -ved at kyrkjemusikken i gudstenester, kyrkjelege handlingar og konsertar med meir, tilfører relasjonane mellom Gud og menneske ein kunstnarleg estetisk dimensjon
2.		Gudstenester og kyrkjelege handlingar
	22	Gudstenester (kyrkjespelet tel under konsertar), framleis i pandemitid og med ulike restriksjonar gjennom året. Gudstenesta 17/1 vart avlyst grunna pandemien og skjerpa smittevern. påska vart laga som videoar for Skjærtorsdag, Langfredag og 1.påskedag, Konfirmasjonen og kyrkjespel vart flytta frå mai til slutten av august, og ein del gudstenester hadde påmelding og maxtal for deltakarar, dette grunna pandemien og restriksjonar.
	0	Friluftsgudsteneste 2021, gjort om frå friluft til inne/ Herand badestrand til Herand bedehus 4/7 (inkludert i totaltalet gudstenester)
	2	Folkemusikkmesse frå Hardanger, 13/6 og 26/9 (inkludert i totaltalet på gudstenester)
	1	Pilegrimstur m/4 tidebøner (Øvre Krossdalen- Reisæter, langs Pilegrimsvegen nord for Folgefonna) 10/7 (utsett frå 8/7 grunna vår)
	9	Kyrkjelege handlingar, derav 0 vigslar og 9 gravferder.
	34	Tidebøner. 30 Morgonsong (Laudes) kvar tirsdaysmorgon i skuleåret, kl.08.30. (Tidlegare på morgonen dersom fellesmøte til dømes i Ukf På våren, 15 på vår og 15 på haust. (Framleis pandemitid, og 34 er total tal for tidebøner anten det var ope for kyrkjelyden eller ikkje) 4 var Completorium i samband med dei 4 første sommarkonsertane.
	0	-Gudstenesteverkstad/ liturgikveldar utanom trusopplæringsprosjekt

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2021 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012		
3.		Korverksemd
		Jondal Babysong , samlingar på torsdagar kl.12-13 i Jondal kyrkje, med høve til vidare sosialt samvær kl.13-14
	8	babyar innom. 12 betalande medlemmer. 6 born+ 6 vaksne
	13	7 samlingar V21 6 samlingar på H21. Våren prega av restriksjonar, og starta difor ikkje før i mars.
		Årsrapport Jondal babysong 2021 vert sendt til Ung Kyrkjesong
	0	Familiekorprosjekt
	1	Prosjektkor Tårnagent. Medliturgar og kor på gudstenesta 31/1
	0	Prosjektkor LysVaken. Utsett frå hausten 2021 grunna pandemien, samling 5/2-22 og kor/ medliturgar ved gudstenesta 6/2-22
		Solstråla , kl.1-4 øvde på kulturskulen tysdagar kl.12.45-13.45 i 2021
	12	betalande medlemmer
	31	vanlege øvingar. 18 øvingar v21 +12 øvingar H21 (Fleire øvingar var planlagde, men måtte gå ut grunna koronarestriksjonar, sjukemelding for dirigent og kulturskuleprosjekt/ og nokre øvingar var ikkje for alle, men kohort-vis, grunna smittevernregel 5B)
	13	arrangement/ små opptrinn: Maria Bodskapsdag 21/3, Påskevideo med songarane frå 2.klasse 26/3, grunna korona var Solstråla ikkje med og song 17/5 dette året, Pinsevideo 18/5, Song for barnehagen 15/6, Songstund på Vikevollen 15/6, Liten sommarkonsert og sommarfest i Jondal kyrkje 15/6, Kyrkjespelet 26/8, Leithaugkonsert i Jondal kyrkje 11/9, Hausttakkefest i Jondal kyrkje 24/10, Ljosmesse i Jondal kyrkje 28/11, Kulturskulens julekonsert 9/12 og Juleroser m Herborg Kråkevik 15/12 vart utsette grunna korona, Julaftagudsteneste i Jondal kyrkje 24/12. Fleire besøk på Vikevollen måtte utsetjast grunna korona. Solstråla var lokal arrangør av 2 konsertar + 2 minikonsertar åleine, og deltok på heile 11 arrangement inklusiv 1 institusjonsbesøk trass pandemi og eit ekstraordinært korår.

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2021 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012		
		Barnekoret tek gjerne imot løna eller friviljug ressurs i tillegg til dirigenten i samband med aktiviteten !
		Årsrapport for Solstråla 2021 vert sendt til Ung Kirkesang
		Jondal Ungdomskor var i 2021 konfirmantkoret V21 og konfirmantkoret H21
	19	betalande medlemmer
		Tidebøn, liturgi/ salmar på dei fleste samlingane, noko reine korøvingar. Kursrapport ikkje sendt til Norsk musikkråd for 2022 grunna manglande ressurs
	12	undervisingstimar. Øvingsplanen både vår- og haust vart mykje endra grunna pandemien.
	3	arrangement; Kyrkjespel og konfirmasjon som vart utsett frå første helg i mai til siste helga i august grunna korona + ljosomesse
		Årsrapport for Jondal Ungdomskor vert sendt til Ung Kyrkjesong
		Jondal Grendakor
	12	medlemmer
	27	øvingar. 14 øvingar V21 + 13 øvingar H21 (koret starta ikkje før i februar, grunna ferie dirigent og covid-19, nokon øvingar var digitale grunna pandemien)
	10	arrangement.: 16/3 Salmekveld i Jondal kyrkje, Påsketenestene for koret gjekk ut dette året grunna pandemien, 17/5 Gudsteneste i Jondal kyrkje, 3/6 Sommarkonsert i Jondal kyrkje (grunna pandemien vart konserten flytt frå kulturgalleriet til kyrkja dette året), 26/8 Kyrkjespellet»Deg å få skode», 11/9 Leithaugkonsert i Jondal kyrkje, 26/9 Folkemusikkmesse & konfirmantpresentasjon i Jondal kyrkje, , 7/11 Helgemesse med minnedel, 10/11 Salmekveld på Jondal bedehus, 12/12 Adventskonsert i Jondal kyrkje, 25/12 Høgtidsgudsteneste i Jondal kyrkje
		Jondal Grendakor er medlemmar i Norges Kirkesangforbund.

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2021 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012		
		Forsongarteneste- stort sett ivareteke av korgruppene og trusopplæringstiltaka 2022.
4.		Samarbeid heim/ barnehage/ skule/ kulturskule/ musikklivet elles/ kyrkja
	0	førjulsgudsteneste for barnehage og skule, grunna pandemi og restriksjonar
	1	krybbevandring for 5 åringane i barnehagen, , 9/12 kl.10.00
	Utsett	Kyrkjeorgeltimar for 1-2.kl. Utsett grunna pandemi og restriksjonar
	Utsett	Salmetimar 4.kl. Utsett grunna pandemi og restriksjonar
	0	Salmetime Ungdomsskulen. Grunna pandemi og restriksjonar blei det ikkje førjulsgudsteneste og ikkje salmetime.
	Utsett	Kyrkjemusikktimar med 7.kl. Utsett grunna pandemi og restriksjonar
	Utsett	Kyrkjemusikktimar med 9.kl. Utsett grunna pandemi og restriksjonar
		Orgelundervising
	0	elev via kyrkja i 2021
	0	elevar via kulturskule. Men pianoelevar får tilbod om timar på orgelet ein eller fleire gongar årleg
		Musikarteneste
	3	arrangement der korps deltok; 17.mai gudstenesta, adventskonserten 12/12 og julaftagudstenesta 24/12.

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2021 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012		
	10	enkeltmusikarar; ved videogudsteneser: Skjærtorsdag(1løna), 1.påskedag(1 løna, 1 dugnad) og Pasjonskveld langfredag (1 løna.), kyrkjespel (2 løna), konfirmasjon (1 løna), 2 folkemusikkmesser (1 løna 13/6 og 2 løna 26/9)
5.		Institusjon
	0	nattverdgdusteneste på skjærtorsdag, i kapellet på Vikevollen kl.17.00, gjekk ut grunna pandemien.
	10	andakter i peisestova på Vikevollen hausten 2021, dei fleste på haust.
	3	salmestunder i peisestova på Vikevollen. I samband med andaktene som var sette opp, vart nokon utan prest, og kantor hadde då salmestund istaden for vanleg andakt.
	*	Digitale overføringar. Vikevollen får vere med på alle gudstenester og salmekveldar frå Jondal kyrkje via linken https://jondalkyrkje.vossaskyen.no Kyrkjelege handlingar og konsertar kan dei følgje på same link, dersom det er avtalt.
	0	songstund med Jondal Grendakor. Førjulsbesøket gjekk ut grunna covid-19
	1	songstunder med barnekoret Solstråla
	*	(Syng med oss annankvar tysdag kl.10.30, Syngande kommune/ Sang i eldreomsorg, gjekk stort sett ut heile året grunna covid)
6.		Konsertar/ Salmekveldar
	1	Digital Pasjonskveld
	0	Julero-ser- konsert med Herborg Kråkevik og Solstråla m.fl. (arr: Grappa) 15/12, avlyst grunna nedstenging i pandemien midnatt til 15/12
	1	Adventskonsert, den tradisjonelle, 3.søndag i advent (arr: JS og JG)

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2021 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012		
	1	Sommarkonsert i Jondal kyrkje 3/6 (vanlegvis i Hardanger Kulturgalleri) med Jondal Grendakor og Jondal Musikklag. (arr: JG)
	1	Sommarkonsert i Jondal kyrkje 15/6 med barnekoret Solstråla
	4	Sommarkonsertar tysdagar kl.20.00-20.30 v/ kantor (arr: JS)
	2	Sommarkonsertar tysdagar kl.20.00-21.00 v/ eksterne musikarar i kantors ferie. (arr: JS)
	1	Juletonar frå orgelgalleriet, vesle vesle julafta kl.20.00-21.00 v/kantor (arr: JS)
	1	Kyrkjespel. «Deg å få skode» 26/8 kl.18.00 v/ konfirmantkoret, Solstråla, Jondal Grendakor og musikarar (arr: JS og JU)
	7	Salmekveldar. Dei 3 første salmekveldane vart berre streama, og ikkje opne Hovudsakleg onsdagar kl.19. 1 salmekveld på Jondal bedehus (arr: JG)
	1	Konsertar i Jondal kyrkje ved andre arrangørar: 4/12 Laudamus og Oddgeir Bruaset
7.		Instrument og bemanning
	60 %	kantorressurs i Jondal sokn
		Sidan kantor gjekk ned i stilling frå 75% til 60% frå februar 2020, må fellesrådet og soknerådet gjerne finne andre løna ressursar, kjøpe tenester eller finne friviljuge til å halde kontinuitet i noko av det som har vore kantors ansvar overfor born- og unge, dersom dette skal vidareførast. Barnekoret Solstråla har sidan våren 2020 kjøpt sjølve dirigenttenesta si frå Ullensvang kulturskule. Dette får Solstråla stønad til frå koreigar Jondal sokn. Soknet bør søkje fellesrådet om stønad til korarbeidet. Det er ei framleis bøn til fellesrådet at dei 15 stillingsprosentane kantorstillinga vart redusert med, vert nytta til kyrkjemusikalsk aktivitet i Jondal sokn.

Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2021 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012		
	1	vedlikehald av orgel i 2021. Orgelet blei oversett og stemt 15.11.2021 Orgeltilsyn for Jondal kyrkje vert utført av Dietrich Johannes Buder Orgelverksted, Bergen. Orgelstemming og tilsyn har vore gjort kvart andre år, og nytt tilsyn bør skje seinast i 2023. Det er ønskeleg med 1 stemming pr. år, så om det er mogeleg å oppjustere til 1 årleg tilsyn og stemming, er det fint. Orgelet i Jondal kyrkje er frå Bruno Christensen & Sønner 1988, med 26 stemmer fordelt på Svellverk, Hovudverk og Pedal. Det tredje og nederste manualet har ikkje eit eige verk, men er eit koppelmanual der alltid SV+ HV kling saman. Vi hadde ein stor reparasjon av orgelet i 2015, der mellom anna samtlege stemmer fekk nye sløyfer (av eit stoff som ikkje skal krympe) og større avstand frå sløyfe til pipestokk. Reparasjonen vart utført av Jan Mou, som overtok orgeltilsynet i Jondal etter Bruno Christensen i 2008. Mou hadde tilsynet i Jondal fram til han avslutta føretaket sitt i 2016.
	0	pianostemmingar. Pianoet er eit Grotrian Steinweg 122, eit konsertpiano, som bør stemmast minst to gonger pr. år. Pianoet har montert luftfuktar. Og med senka temperatur i kyrkja, bør pianoet, iallefall vinterstid ha trekket på. Pianoet vart kjøpt i ca.1982 via George Silver/ Bergen Pianoforretning, og G.Silver hadde fast tilsyn med pianoet fram til han gjekk bort i 2001. Våren 2018 vart pianoet reparert og omintonert av Bergen Pianoforretning.
	*	Harmoniumet er ei gåve til Jondal kyrkje frå Agnes Hauge? Tomas Hauge kjøpte i si tid trøorgelet frå Erling Kråkevik? Og orgelet hadde opprinneleg stått i Berit Kråkeviks barndomsheim på Josjøen.
		Mellom kantors oppgåver elles: -Samarbeid lokal stab, storstab, sokneråd m.m. -Utviklingsarbeid for den nye organisasjonen Ullensvang kyrkjelege fellesråd -Arbeid jamfør nytt lydanlegg -Budsjettarbeid. -Søknadsarbeid. -Rapportarbeid. -PR-arbeid. -Arbeid med digitale løysingar jamfør arrangement og løysing for institusjon.

		Årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd i Jondal sokn 2021 Oppsettet har mal etter kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn, vedteken 11.01.2012
		Jondal sokn, 14.januar 2022
		v/Anne Karin Stormyr, kontor